

Innspel til representantforslag om å bryte banda mellom utbyggjar og utgreiar i konsekvensutgreiingar om natur og klima.

DNT viser til representantforslag 184 s (2022-2023) og vil med dette presentere vår fulle støtte til forslaget.

Tilsvarande forslag og våre innspel vart handsama i samband med energimeldinga og tilleggsmeldinga i 2022. Vi ser at problemstillinga framleis er aktuell og at det stadig er fleire i politiske og faglege miljø som tek til orde for å forbetra KU-prosessen.

At utbyggjar sjølv skal utarbeida utgreiingsprogram og bestille kartleggingar og konsekvensutgreiingar har vist seg å medføre tillitsutfordringar, til dels mangelfulle undersøkingar, og i enkelte tilfelle underkommuniserte konsekvensar.

Det er i seinare tid lagt fram grundige studiar og utgreiingar av utfordringane med dagens system og verdien av blant anna harmonisering av sektorvis konsekvensutgreiing, og uavhengige konsekvensutgreiingar. DNT meiner at desse rapportane talar for ein omlegging til uavhengig KU, med meir ansvar til plan og miljømyndigkeitene for både utgreiingsprogram og KU. Nye krav til utgreiingar må legge til grunn at det ofte er nødvendig med kartleggingar over tilstrekkeleg lange periodar, opptil fleire år, for å få eit godt nok kunnskapsgrunnlag. I eldre og tidkrevjande saker bør det gjerast ei grundig vurdering av om KU og kartleggingar er forelda og må oppdaterast før saka kan handsamast.

DNT meiner at eit system med uavhengig KU vil styrke kvaliteten på KU'ane, og både tillita til forvaltnings- og konsesjonssystemet, og tillita til sluttresultatet.

Det bør utgreiast korleis plan- og miljømyndigkeitene kan styrkast og overta ansvaret for utgreiingsprogram, bestilling, og kvalitetssikring av det miljøfaglege arbeidet i alle KU-pliktige konsesjonssaker, etter gebyr/sjølvkostprinsippet.

Eit alternativ, og eit minimum for forbetring av KU-prosessen er at miljømyndigkeitene (til dømes Statsforvaltaren) utgjer eit kontrollorgan som skal kvalitetssikre og gje eit uavhengig vedtak av KU – før endeleg tiltak/plan/konsesjon kan gjennomførast.

Med helsing

Ingeborg Wessel Finstad
Seksjonsleder natur og bærekraft
Den Norske Turistforening

Siren Skråmestø Juliussen
Rådgiver naturforvaltning
Den Norske Turistforening



Kjelder og bakgrunnsdokument.

Multiconsult, 2021. *Evaluering av konsekvensutredninger etter kapittel 5 i forskrift om konsekvensutredninger*, Oslo: Klima og Miljødepartementet.

Norges institusjon for menneskerettigheter, 2022. *Menneskerettlig vern mot inngrep i samiske bruksområder*, Oslo: Norges institusjon for menneskerettigheter.

Stokstad, S. et al., 2020. *Bedre samordning mellom plan- og bygningsloven og sektorlovgivingen*, Oslo: By- og regionforskningsinstituttet NIBR OsloMet - storbyuniversitetet.

Simensen, T., Winge, N., Holth, F., Stange, E., Barton, D. N. og Sandkjær Hanssen, G. (2022). *Bærekraftig arealbruk innenfor rammen av lokalt selvstyre*. KS FOU-rapport.

<https://www.nrk.no/klima/ble-advart-om-uerstattelig-natur- -sa-likevel-ja-til-vindkraft-pa-stad-1.15163177>

<https://www.nrk.no/klima/xl/utbyggere-kjoper-konsekvensutredninger- -naturen-kan-tape-1.15212845>

<https://www.altinget.no/artikkel/forskere-og-utredere-bryt-baandene-mellom-utbygger-og-utreder>